



Ber om snarleg k

Både lokalpolitikarar og lokale industrileiarar krev snarleg avklaring i spørsmålet om kraft til den kraftkrevjande industrien. – Til hausten skal de få svar, lover Tore Nordtun (Ap).

Tekst: ODDVAR J. WOLLT-VINDEDAL

SAUDA: Karmøyordførar Kjell Arvid Svendsen nærmast naudbad våre lokale stortingspolitikarar om ei avklaring då politikarar og næringsleiarar hadde sitt møte med rogalandsbenken i Sauda i går. Møtet var i regi av Haugaland Industri- og Næringsforening og Haugalandrådet.

– Når Søderberganlegga ved

gjerd om mogleg ny utbygging bli tatt i løpet av 2007. Sødeberganlegget blir utfasa i 2009.

Men By er ikkje berre uroa over faren for ikkje å få nok kraft. At regjeringa no har vedtatt å ta opp kampen mot ESA om heimfallsordninga, uroar han vel så mykje.

– Heimfall av våre kraftverk til staten vil svekka vår konkurransekraft. Kraftverka er ein viktig del av vår industristruktur. På lang sikt er det best at vi har hand om vår eigen kraftproduksjon. Industrien blir diskriminert i høve til offentleg eigde kraftverk. Og kraftprisen avgjer om det blir satsa på nye, og lønsame prosjekt i Noreg, meinte By.

ESA-domstolen



Hydro Aluminium, Karmøy Fabrikker, blir utfasa, vil dette råka 700–800 arbeidsplassar. Sytti til åtti prosent av desse tilsette er busette i og skattar til Karmøy. Den negative verknaden blir stor.

Kva tid kjem så det nye kraftregimet på plass?

Kva tid får vi eit svar som gjer at vi kan koma oss vidare, var det direkte spørsmålet til stortingspolitikarane.

Må avklarast

No er det ikkje tatt ei avgjerd på om Hydro i det heile vil satsa på å byggja opp eit nytt elektrolyseanlegg til erstatning for Søderbergenlegget. Men kraftspørsmålet må avklarast før det blir vurdert om det skal byggjast opp noko i Noreg til erstatning.

Ifølgje direktør Sveinung By ved Karmøy Fabrikker vil ei av-

Tore Nordtun, energipolitisk talisman for Ap, lovar ei snarleg avklaring kring kraftregi-

met. Fleire verksemder har vore kalla inn til førehandsdrøfting og fleire står for tur. Eit endeleg svar

om korleis spørsmålet skal løysast kjem i løpet av hausten.

– Regjeringa jobbar med fleire alternative løysingar. Soria-Moria-erklæringa seier at vi skal finna fram til ei løysing. Kva løysingar kan eg ikkje seia noko om no.

Men Nordtun ser ikkje bort frå at også spørsmålet om rimeleg kraft kan bli overlate til ESA-domstolen.

Som kjent hevdar ESA, tilsynsorganet for EFTA, at det er ikkje er høve til å subsidiera den kraftkrevjande industrien med rimeleg kraft.

oddvar.wolt-vindedal@haugesunds-avis.no

«Når kjem nytt regime på plass?»

Kjell Arvid Svendsen, ordførar
Karmøy



HAUSTLEG SVAR: Ap sin energipolitiske talisman, Tore Nordtun, lovar svar på korleis spørsmålet om rimeleg kraft til den kraftkrevjande industrien skal løysast til hausten.

FOTO: ODDVAR J. WOLT-VINDEDAL

– Satsar på industrien

Er det ein «medan graset gror, dør kua»-mentalitet som pregar norske politikarar i spørsmålet om rimeleg kraft til den norske kraftkrevjande industrien?

Dei siste åra har det skjedd ei særskilt omfattande nedbygging av denne type industri, ei nedbygging som frigjer store kraftressursar.

Er dette også den raudgrøne regjeringa sin taktikk?

Å la spørsmålet om nytt kraftregime dra så lenge ut at denne type industri er sjølvdaua innan svaret kjem. Og dermed har ein også løyst kraftkrisa ved å pumpe enorme mengder frigjort kraft inn i systemet?

– Nei, svarar Tore Nordtun, Ap sin energipolitiske talisman, kontant på det kjetterske spørsmålet.

– Vi skal ha eit samfunn

der vi også satsar på den kraftkrevjande industrien. At vi verkeleg gjer det, skulle vel satsinga på gasskrafta vera prov for. Det kjem eit gasskraftverk på Kårstø, det kjem eit på Tjeldbergodden og eit på Mongstad kjem. Det er vel positivt svar godt nok.

▼ FAKTA

■ ESA har kravd endringer i den norske heimfallsordninga. Medan offentleg eigde kraftverk blir verande i offentleg eige til evig tid, fell privat eigde kraftverk attende til staten etter 60 år. Dette meiner ESA er diskriminerande og krev endring i praksisen.

■ Det vil ikkje regjeringa gå med på og har no bestemt seg for å ta sak i ESA-domstolen. Det er denne domstolen som avgjer twistemål knytt til EØS-avtalen. Den gong avtalen vart inngått, vart det sagt at den ikkje omfatta heimfallsordninga.